



Marit Hjønnevåg med eit sikkert vinnarprodukt

### Hjønnevåg er ein av vinnarane

Det slår Grenda fast i årsrapporten for mat, overnatting og eigedom. Brødrene Hjønnevåg hadde nedgang i omsetnaden med nesten 3 millionar til 25 900 000 kroner men årsresultatet auka litt frå 2011 - frå 609 000 til 664 000. Driftsresultatet var 1 083 000 i 2012.

Rabben Feriesenter passerte ein million i omsetnad og kom opp i 1 024 000 men årsresultatet vart minus 7000, Det var imidlertid ei betring frå året før, då det var minus 112 000.

Systrene Nilsen omsette for 1 740 000 og årsresultatet var 42 000. Også her går det rette vegen ettersom det var eit årsresultat på minus 25 000 året før-

Eigedomsselskapet til Auto 88 hadde eit årsresultat på 55 000 mot 44 000 i 2011.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen